

Sett frå Russland

Nokre kjetterske tankar på bakgrunn av Ukraina-kriegen

Nei, dette er ikkje sett frå Russland i den forstand at eg er der no. Det er nokre år sidan sist og slik verda har blitt, er eg redd eg aldri vil oppleve å komme tilbake. Men eg har vore der ein del gongar, og har russiske vene både i Russland og i eksil, deriblant folk som hører til forskjellige urfolk og andre nasjonale minoritetar. Og eg trur eg har fått litt forståing for korleis dei tenker. Folk tenker sjølv sagt ikkje likt, verken her eller der. Nokre støttar styresmaktene, andre er i opposisjon mot innanriks- og/eller utanrikspolitikken. Men som i andre land i verda har dei fleste i Russland til felles at dei er glade i landet sitt og dei vil forsvare det om dei oppfattar det som truga.

Eit stort og rikt land

Russland er verdas største land i utstrekning og har enorme naturressursar. Ingen andre land har frå naturen si side slike forutsetningar for å vere sjølvberga med det aller meste. Russland har overskot på kol, olje og gass og ei mengde mineral, enorme skogar og kan dyrke det meste. Russland har ei mengde språk og kulturar og er verdskjent for litteratur, musikk, teater og bildekunst. Russland har bidratt sterkt til vitskapen på mange område, som medisin, psykologi, pedagogikk og mange greinar av teknologi. Russland er ikkje eit tilbakeliggande land og russarar er, uavhengig av alt det gale russiske/sovjetiske statsleiarar har gjort, stolte av det deira landsmenn har prestert innafor kultur, idrett og vitskap. Korleis må russarar flest kjenne det når russisk språk blir fordømt, historia omskrive for å fjerne russisk innsats, over hundre år gamle litterære verk fjerna frå bokhyllene fordi dei er skrive på russisk, når dei bli utelukka frå alt av kulturelt, sportslig og vitskapelig internasjonalt samarbeid?

Truga frå Vest

Både russiske styresmakter og trulig eit godt fleirtal av russarane og andre folkeslag i Russland oppfattar i dag Russland som truga frå Vesten. Frå USA, NATO og dermed også Noreg. Og dei har kjent seg truga i større eller mindre grad i alle fall sidan den russiske revolusjonen i 1917. Vågar vi å tenke den tanken? Og forsøke å forstå kvifor? Kva er konsekvensen?

Russland i dag er restane av eit imperium. Mens statane i Vest-Europa frå 1400-talet erobra koloniar i andre verdsdelar, erobra Russland land i alle retningar, men slik at det heile tida hang saman. Russarane la under seg mange folkeslag og vide område frå Stillehavet og Nordishavet til Østersjøen og Kaspihavet. Russisk blei einaste statsspråk og nasjonale minoritetar blei hardt undertrykt. Tsar-Russland blei kalla "nasjonenes fengsel". Etter den russiske revolusjonen forsøkte Lenin å løsne på dette, og det blei oppretta sovjetrepublikkar, som i dag er sjølvstendige statar. Det blei gjort eit enormt arbeid med å fremme språka og kulturen til dei mange nasjonane i Sovjetunionen, og eit stort alfabetiseringsprogram på ei rekke språk. Seinare snudde det og Stalin tok opp igjen tsarane sin russifiseringspolitikk. Denne blei ført vidare etter Stalin si tid.

Russland har mange gongar vore under angrep, frå vikingar, tyrkarar, mongolar og Napoleon. Etter den russiske revolusjon i 1917 gikk ei rekke vestlige land til angrep for å slå ned revolusjonen. I 1941 gikk Tyskland til angrep og blei først slått tilbake etter at Sovjetunionen hadde tapt mange millionar liv. Ikkje før var Tyskland knust, så snakka vestlige politikarar for alvor om å fortsette krigen med å gå mot Russland med det same, mens landet var svekka av ofra i kampen mot Tyskland. Det blei det heldigvis ikkje noko av, folk i alle land hadde fått nok av krig for ei stund. I staden oppretta vestmaktene ein allianse retta mot Sovjetunionen og samarbeidande statar.

Uansett kva vi i vest måtte seie og meine, oppfatta russarar NATO som ein aggressiv allianse og ei fare for dei, og rusta opp for å forsvare seg mot dette trugsmålet. Warszawa-pakta blei oppretta i 1955, som eit mottrekk etter at Vest-Tyskland var tatt opp i NATO. Den vestlige kampen mot Sovjetunionen skjedde ikkje bare ved opprusting i eigne land, men med ei rekke middel. Det blei sendt propaganda på russisk og andre aust-europeiske språk gjennom Radio Free Europe. Det blei sendt tusenvis av spionar over grensene og verva folk i Warszawapaktlanda til å spionere på sine eigne. Det blei gitt aktiv støtte til opposisjonsgrupper og arbeida for opprør innafra. Når det frå

sovjetisk/russisk side blei snakka om vestlige agentar i bl.a. Ungarn, Tsjekkoslovakia, Polen og Ukraina, blei det misbrukt mot den demokratiske opposisjonen, men skuldingane var likevel ikkje utan grunnlag. Vestlige krefter, særleg USA, forsøkte å knytte til seg den nasjonale og demokratisk opposisjonen, noko dei i stor grad klarte. Mye av den opposisjonen vesten støtta var også alt anna enn demokratisk, bl.a. banderistane i Ukraina.

No skal det ikkje nektast for at både Sovjetunionen og seinare Russland også har vore på offensiven over for naboor til tider (Baltikum, Ungarn, Tsjekkoslovakia, Afghanistan, Georgia, Ukraina), men det som russarane gjerne hugsar, er når andre land har truga dei.

NATO på offensiven

Da Sovjetunionen, Warszawa-pakta og handelsorganisasjonen Comecon braut saman i 1991, blei ikkje NATO oppløyst, men derimot styrka. NATO satsa på å utvide austover og gikk over frå forsvarsallianse til ein aggressiv krigsallianse som deltok i ei rekke krigar utafor eige område. Samtidig blei nesten alle landa som hadde vore alliert med Sovjet tatt opp i NATO, og mange av dei fikk amerikanske basar. Dette opplevde Russland som eit klart trugsmål. Innblandinga frå vestlige politikarar, bankar og kapitalistar etter samanbrotet i 1990 viste dei at vestlig kapital og vestlige politikarar var ute etter å få kontroll med Russland og rane til seg russiske råvarer og industri. Boris Jeltsin sitt katastrofale styre la landet ope for utanlandsk ran.

Putin gjenoppbygger Russland

Det var i denne situasjonen at Putin kom til makta og byrja å rydde opp. Det skjedde dels med harde middel. Den tidligare KGB-offiseren brukte dei midla han kjente, som tvang, sensur, undertrykking og fengsling av opposisjonelle. Dei blei stempla som utanlandske agentar, som ein del av dei, men langt frå alle, faktisk også var. Men viktigast for russarar flest var at Putins styre fikk orden på økonomien igjen, bygde opp igjen næringslivet, statsapparatet og militærapparatet. Mens NATO, mot alle løfte, sikra seg fleire og fleire land i Aust-Europa, skulle Putin sørge for at det blei satt ein raud strek. Belarus og Ukraina skulle NATO ikkje få. Det gjorde han heilt klart overfor NATO, utan at det hadde nokon verknad. Leiande politikarar i USA og NATO-leiinga, ikkje minst Jens Stoltenberg, sa det rett ut at målet var å gjøre Ukraina til medlem av NATO, noko som i praksis ville bety utstasjonering av amerikanske soldatar og rakettar retta mot Moskva. Ukrainsk medlemskap i NATO blei oppfatta som vegen til eit NATO-åatak på Russland, ei oppfatning som heilt grunnaus.

To gongar, i 2004 og 2014 måtte Russland sjå på at USA bidro sterkt til kupp i Ukraina, og dei nye makthavarane gikk til åatak på den russiske befolkninga i Ukraina, nær 1/3 av folket. Russisk språk skulle bort frå alt offentlig liv og alt russisk blei sett på som uønska. Samtidig blei nazistane frå krigstida meir enn rehabiliterert, dei blei dyrka som nasjonalheltar, og nazistiske bandar terroriserte fritt utan at styresmaktene ville eller klarte å stoppe dei. I røynda hadde dei stor makt med at dei kunne truge med å ta livet av statsleiarar som ikkje følgde dei. Det gjorde dei med Zelenskij, og det virka. Han glømte alle løfter om fred og forhandlingar og blei akkurat den uforsonlige krigaren som nazigruppene ønska seg.

Dette er ikkje eit forsvar for den russiske invasjonen i 2022 eller for at dei held fram krigen i dag. Det er eit forsøk på å forstå bakgrunnen og at invasjonen på ingen måte var uprovosert. Det er eit forsøk på å forstå kvifor invasjonen hadde støtte frå ein stor del av det russiske folket, og at når Putin sit trygt, er det ikkje bare på grunn av ei hardhendt undertrykking av opposisjonen, men også fordi eit fleirtal av det russiske folket (og dei nasjonale minoritetane) ser det vestlige trugsmålet som reelt og også ser at Putin-styret har klart å gjenreise den russiske økonomien og betre levestandarden til folket, sett i forhold til det katastrofale 1990-talet.

Finst det ein veg ut av det uføre som Russland, Ukraina og heile Europa no er oppe i? Det som dei aller fleste statsleiarar i Europa og alle stortingspartia i Noreg går inn for er å kriga til Russland er drive totalt tilbake til eigne grenser, og har brukt opp alt sitt militære potensiale. Samtidig vil dei sanksjonere og boikotte alt av russisk økonomi og kulturliv, i von om at den russiske økonomien og staten skal bryte saman, så Vesten kan overta styringa og forsyne seg fritt av

naturressursane. Det vil seie ei total audmjuking av ikkje bare Putin, men også av det russiske folket. Skulle dei klare det, vil det kreve ein enorm innsats av våpen og NATO-soldatar. Det vil bli ein ope krig mellom NATO og Russland, med stor fare for bruk av atomvåpen. Men det vil ikkje gi nokon fred. Dei russarane som måtte overleve vil bare lengte etter hemn. Russland vil måtte okkuperast med hundretusener av soldatar og eit knallhardt okkupasjonsregime. Er dette virkelig einaste vegen ut? Ei varig fredsløysing vil måtte bygge på respekt, på Krustsjovs tese om fredelig sameksistens, på Olof Palme sine ord om at sikkerhetspolitikk bare fungerer om begge partane kjenner seg trygge.

Det er kanskje dristig å prøve seg på eit alternativ, men noko må vi gjøre når no samtlige stortingsparti har låst seg fast i vegen rett inn i 3. verdskrigen. Så her er mitt alternativ:

1. Full våpenkvile snarast. Partane held på posisjonane sine mens forhandlingane pågår.
(Det er urealistisk å vente at nokon skal trekke seg tilbake før dei veit kva dei får.)
2. NATO gir eit løfte om å ikkje ta opp Ukraina som medlem eller utstasjonere soldatar eller våpen i Ukraina.
3. Dei amerikanske basane blir trekt tilbake frå alle land som grensar mot Russland.
4. Ukraina får tilbake sine grenser slik dei var 1991-2014.
5. Provinsane med russiskspråklig fleirtal får eit utvida sjølvstyre med rett til likestilling mellom russisk og ukrainsk språk i forvaltning og skole.
6. Dei ukrainske nazibandane som Azov-bataljonen blir oppløyst og avvæpna. Alle minnesmerke for Stepan Bandera og andre ukrainske nasjonalistleiarar og oppkalling av gater og bygg etter desse blir fjerna.
7. All vestlig sanksjonering og boikott av Russland blir oppheva.
8. Både Russland og alle land som har levert våpen til Ukraina må forplikte seg til å betale like mye som dei har brukt til våpen til gjenoppbygging av landet.
9. Profitten frå USA sin mineralavtale med Ukraina skal gå til gjenoppbygging, ikkje til USA eller amerikanske gruveselskap.

Er dette realistisk, vil du spørje. Men kva er alternativet?